



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

**TEMA**

**12**

**FORBRUKARTENESTA  
BÅTUTLEIGE**

Utgitt av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2012

ISBN: 978-82-7768-296-9

Foto: Framside: Sverre Lundh Limtun  
Bakside: Wenche Hoff

Grafisk produksjon: Erik Tanche Nilssen AS, Skien



---

# FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE

Fokus på tryggleik ved båtutleige og tryggingsutstyr

# INNHALD

<b>DEL 1. INNLEIING OG BAKGRUNN</b> .....	3	<b>DEL 3. TILSYNSAKSJON 2011</b> .....	10
1. Innleiing .....	3	1. Val av tilsynsobjekt og kva	
2. Bakgrunn .....	3	DSB kontrollerte .....	10
<b>DEL 2. STYRESMAKTER, REGELVERK OG</b>		2. DSBs funn under tilsyna .....	10
<b>ULUKKESSTATISTIKK</b> .....	4	3. DSB sine forventningar til bransjen .....	11
1. Styresmakter med forvaltningsansvar for		3.1 Tilbakemelding frå tilbyderane av	
forbrukartenesta båtutleige .....	4	forbrukartenesta båtutleige .....	12
2. Informasjon om DSB .....	4	4. Er det tryggare å leige båt som følgje	
3. DSB sitt fag- og tilsynsområde knyttet til		av tilsynet DSB gjer? .....	12
forbrukartenesta båtutleige .....	4	5. Oppsummering og tiltak .....	13
4. Lov om kontroll med produkter og		<b>DEL 4. VEDLEGG</b> .....	15
forbrukertjenester (produktkontrolllova) .....	5	Vedlegg A: Utvalde verksemder for tilsyn	
4.1 Forskrift om konstruksjon,		medforbrukartenestabåtutleige .....	15
utforming og produksjon av		Vedlegg B: Samlerapport avvik og merknader	
personlig verneutstyr .....	7	avdekte hjå verksemder som tilyr	
4.2 Forskrift om systematisk helse-, miljø-		forbrukartenesta båtutleige 2011	
og sikkerhetsarbeid i virksomheter		(med kommentarar) .....	16
(internkontrollforskrifta) .....	7	Vedlegg C: Forkortningar .....	18
4.3 DSB sitt førebyggjande arbeid		Vedlegg D: Kjelder .....	18
ved forbrukartenesta båtutleige .....	8	Vedlegg E: Rettleiingar, informasjonsmateriell	
5. Ulukkesstatistikk .....	9	og aktuelle nettsider .....	18
		Vedlegg E: Liste over standarder	
		(ikkje uttømmende) .....	19

# DEL 1. INNLEIING OG BAKGRUNN

## 1. INNLEIING

Tryggleik ved forbrukartenesta båtutleige vart valt ut som særskilt tilsynsområde av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i 2011, fordi dette er ein aktivitet som kan ha stort risikopotensiale for brukarane. Mange menneske har stor glede av skjergarden i Noreg, men det er viktig å vite at forbrukartenesta båtutleige også kan innebere risiko og skal utøvast med respekt og varsemd. Det er den som tilbyr forbrukartenesta med tilhøyrande utstyr som har ansvaret for å vurdere tryggleiken og ha beredskap ved uynskte hendingar. DSB skal føre tilsyn med at tilbydarar tek det ansvaret dei har, slik at det blir tilbydd ei sikker forbrukarteneste og at utstyret som blir brukt, er trygt og i samsvar med gjeldande regelverk.

DSB utførte i 2011 fleire tilsyn med tilbydarar av forbrukartenesta båtutleige. Tilsyna hadde særskilt fokus på at krava til systematisk tryggingsarbeid er gjennomført i verksemdene (internkontroll) og at beredskapsrutinar låg føre. Denne rapporten inneheld regelverk knytt til forbrukartenesta og medfølgjande utstyr. Rapporten inneheld også resultata frå DSB sitt tilsyn med forbrukartenesta båtutleige i 2011, og oversikt over anna førebyggjande arbeid DSB utfører på området. Rapporten omhandlar vidare DSB sine røynsler, forventningar og aktuelle tiltak DSB meiner det er behov for å setje i verk.

Denne rapporten inngår som eit av tiltaka når det gjeld informasjon til tilbydarar av forbrukartenesta båtutleige og tryggingsutstyr.

## 2. BAKGRUNN

DSB valde å ha særskilt fokus på tryggleik ved forbrukartenesta båtutleige og tryggingsutstyr under tilsyn i 2011. Dette er ein aktivitet som det er knytt stor risiko til, og som det har skjedd fleire dødsfall i samband med i dei seinare åra. Det var 32 drukningsulukker i 2011, 14 av desse var som følgje av fall over bord. Sjøfartsdirektoratet uttrykkjer at særleg små båtar er utsette. Fisketuristar utgjer ca. 10 prosent av dei omkomne (kjelde: Sjøfartsdirektoratet). Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å auke tryggleiken hjå verksemdene og dermed for brukarane av forbrukartenesta og produkta. DSB ynskter at tilsynsaksjonen skulle gje svar på korleis den enkelte verksemda som tilbyr båtutleige arbeidde med å vareta tryggleiken i tenesta. Fisketurisme og utleige av båt er eit område med aukande aktivitet i Noreg, vi har også gjennom tilsyna erfart at det er stadig fleire utanlandske aktørar som tilbyr båtutleige. Gjennom tilsyna ynskter DSB å få ei betre oversikt over dei tilbydarane som er på marknaden.

Tilsynsaksjonen var også ei viktig informasjonskjelde for DSB når det gjeld arbeid med ny forskrift om tryggleik ved forbrukartenester. DSB har fått i oppdrag av Justis- og beredskapsdepartementet å utarbeide ei ny forskrift som vil stille generelle tryggingskrav for alle typar forbrukartenester. I den samanhengen vil det bli gjort ei vurdering av om dagens spesifikke krav til forbrukartenester skal vidareførast eller om krava bør reviderast. Resultata og røynslene frå tilsynsaksjonen vil vere eit viktig grunnlag for desse vurderingane.

## DEL 2. STYRESMAKTER, REGELVERK OG ULUKKESSTATISTIKK

### 1. STYRESMAKTER MED FORVALTNINGSANSVAR FOR FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE

I Noreg er krav til tryggleik ved forbrukartenester og utstyr gjevne i ulike regelverk som blir forvalta av ulike styresmakter. **Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)** er fag- og tilsynsorgan for forbrukartenester og personleg verneutstyr som blir brukt i tenesta. **Sjøfartsdirektoratet** har tilsyn med norske skip og utanlandske fartøy i norsk farvatn med heimel i skipstryggleikslova og i lov om fritids- og småbåtar. **Fiskeridirektoratets** hovudmål er å sikre lønsam og verdiskapande fiskeriaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Fiskeridirektoratet gjev råd til Fiskeri- og kystdepartementet om forvaltning av fiskeria, akvakulturnæringa og marine areal – og direktoratet kontrollerer at lover og reglar blir følgde.

### 2. INFORMASJON OM DSB

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. DSB skal vere pådrivar i arbeidet med å førebygge ulukker, kriser og andre uynskte hendingar. DSB skal syte for god beredskap og effektiv ulukkeshandtering. Samfunnstryggingsarbeidet i DSB er delt inn i fleire område der ”Tryggleik i kvardagen” er eitt område. I dette inngår arbeid med tryggleik knytt til produkt og forbrukartenester innanfor lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova). Målsetnaden er å redusere risikoen for alvorlege skadar og dødsfall som følgje av bruk av produkt eller forbrukartenester.

Ein av hovudstrategiane ved DSB er å arbeide for at systematisk helse-, miljø- og tryggingsarbeid blir lagt til grunn i det førebyggjande arbeidet i den enkelte verksemda. I sitt førebyggjande arbeid har DSB fokus på at produsentar, importørar og forhandlarar av produkt og tilbydarar av forbrukartenester varetek forbrukarane sin tryggleik på ein systematisk måte. For meir informasjon om arbeidsområda i DSB, sjå [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

### 3. DSB SITT FAG- OG TILSYNSOMRÅDE KNYTTET TIL FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE

DSB er fag- og tilsynsorgan etter lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova). DSB skal føre tilsyn med at krav i eller i medhald av produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter blir overhaldne. Aktuelt regelverk for tilbydarar av forbrukartenesta båtutleige og for utleige, import og omsetning av produkt, då spesielt personleg verneutstyr:

- lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11. juni 1976 nr. 79.
- forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) av 6. desember 1996 nr. 1127.
- forskrift om konstruksjon, utforming og produksjon av personlig verneutstyr (PVU) av 19. august 1994 nr. 0819.



Foto: Colourbox

## 4. LOV OM KONTROLL MED PRODUKTER OG FORBRUKERTJENESTER (PRODUKTKONTROLLLOVA)

### Forbrukarteneste

Produktkontrollova omfattar forbrukartenester der tryggleiken ikkje er særskilt regulert i anna lovgjeving. Med forbrukartenester meiner ein ei teneste som hovudsakleg blir tilbydd til private brukarar. Med sikker forbrukarteneste meiner ein ei teneste som med utgangspunkt i normale vilkår for gjennomføring ikkje medfører uakseptabel risiko for helseskade. Forbrukartenester omfattar det utetterretta tilrettelagde tilbodet, inkludert opplæring og utleige/utlån av båt og utstyr. Det er ikkje avgjerande om den som tilbyr tenesta er ei offentleg eller privat verksemd, om det er næringsverksemd eller frivillig verksemd, eller om det blir teke betaling for deltaking i tenesta.

### Produkt

Produktkontrollova omfattar produkt der tryggleiken ikkje er særskilt regulert i anna lovgjeving. Produsent, importør, forhandlar og andre tilbydarar av produkt er ansvarlege for at produkt som blir gjorde tilgjengelege for forbrukar, er sikre. I samband med båtutleige vil slike produkt kunne omfatte flyteutstyr, navigasjonsutstyr etc.

### Dette ansvaret inneber blant anna:

- å ha nødvendig kunnskap om produktet og eigenskapane ved det.
- å vurdere eit produkts risiko for å forårsake personskafe og treffe rimelege tiltak for å unngå at slik skade oppstår.
- å informere forbrukaren om potensielt farlege eigenskapar og opplyse om tydelege avgrensingar i bruk, og å gje bruksrettleiingar/vedlikehaldsrettleiingar for sikker bruk av produktet.

For enkelte produkt er nærare krav fastsette i forskrift.

For produkt eller forhold knytte til produkt som ikkje er regulerte i forskrift, gjeld produktkontrollova direkte.

### Når blir eit forbrukarprodukt eller ei forbrukarteneste rekna for å vere sikker?

Produktkontrollova gjev ingen konkrete tryggingskrav til produkt og forbrukartenester. Slike krav blir ofte spesifiserte i forskrifter. I fleire forskrifter blir det vist vidare til krav gjevne i standardar. I følge lova blir forbrukarprodukt og forbrukartenester rekna for å vere sikre når dei er i samsvar med krava i harmonisert europeisk standard eller nasjonal standard på området. Ein harmonisert standard er ein teknisk spesifisering, som er utarbeidd av den europeiske standardiseringsorganisasjonen CEN og som er vurdert av EU-kommisjonen for å

gje løysingar som ein reknar med tilfredsstillende dei grunnleggjande tryggingskrava i direktiva. Standardane er ikkje juridisk forpliktande, men dersom andre normer blir lagde til grunn, må tilfredsstillande tryggleik kunne dokumenterast for desse. Dersom standardar ikkje dekkjer alle risikoaspekt ved eit produkt, må produktet risikovurderast særskilt og dette må dokumenterast. For utstyr det ikkje finst standard for, må tryggningsnivået vurderast ut frå eigne kriterium, forventa bruk, teknisk utviklingsnivå og liknande (sjå nærare i produktkontrollova § 3b). Det finst standardar for ein del utstyr, eksempelvis flyteutstyr (sjå vedlegg I). Standard Norge ([www.standard.no](http://www.standard.no)) kan kontaktast for bestilling og meir informasjon om ulike standardar.

### Krav til eigar eller leiar av verksemd som tilbyr båtutleige

Produktkontrollova stiller krav til at den som tilbyr båtutleige har ansvar for at tryggleiken er vareteken, og må ha nødvendig kunnskap for å vurdere risiko ved den tenesta som blir tilbydd. Dette gjeld også produkt som inngår i tenesta (personleg verneutstyr, m.v.). Sjølv om verksemda (tilbydar) bruker ein konsulent eller får anna ekstern hjelp i vurderinga, er det framleis eigar eller leiar av verksemd som tilbyr tenesta som har hovudansvaret for at tryggleiken heile tida blir vareteken.

### Bruk av verneutstyr

For nokre forbrukartenester er bruk av personleg verneutstyr (PVU) viktig for å kunne gjennomføre tenesta eller for å vareta tryggleiken ved tenesta. Døme på dette er redningsvest, flytevest eller anna flyteplagg. I tilfelle der verneutstyr er påbode eller nødvendig, har tilbydar ansvar for at forbrukar blir tilbydd sikkert verneutstyr, eventuelt ved å kontrollere utstyr som forbrukar har blitt pålagt å ta med. Forbrukar må gjevast innføring i sikker bruk av utstyret. Nærare krav til utstyr er gjeve i forskrift om PVU.

### Informasjon og opplæring

Tilbydar av forbrukartenesta skal gje tilstrekkeleg opplæring i bruk av båt og utstyr og i varslingsrutinar ved uhell eller andre hendingar. Slik opplæring skal medverke til at aktiviteten blir utøvd på ein tryggast mogleg måte i dei farvatna tenesta skal gå føre seg. Tilbydar må heile tida vurdere om dei som skal nytte seg av tenesta, er eigna.

### Meldeplikt

Den som eig eller leier verksemd som tilbyr båtutleige og som veit eller burde vite at denne utgjør ein uakseptabel risiko for helseskade, har plikt til å melde frå til DSB om dette i følge produktkontrollova § 6b. Meldeplikta gjeld også produsent, importør og distributør som omset

produkt med uakseptabel risiko for helseskade. Med uakseptabel risiko meiner ein fare for dødsfall og alvorlege helseskadar. Dersom det er tvil om kor vidt produktet eller forbrukartenesta utgjer ein uakseptabel risiko for helseskade, bør verksemdene rådføre seg med DSB. Elektroniske meldeskjema er tilgjengelege på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

### Tiltak ved farlege forbrukartenester

Produktkontrolllova stiller krav til at den som eig eller leier verksemd som tilbyr båtutleige, eller utfører arbeid i ei slik verksemd, skal treffe rimelege tiltak for å førebyggje at tenesta medfører helseskade. Dersom verksemdar veit, eller burde vite, at forbrukartenesta dei tilbyr utgjer ein uakseptabel risiko for helseskade, pliktar dei å gjere ei vurdering av tryggleiken og setje i verk nødvendige tiltak, attåt å melde DSB om den uakseptable risikoen for helseskade. Nødvendige tiltak kan vere førebyggjande tiltak som medverkar til å redusere risikoen, offentleggjing av åtvaringsinformasjon til brukarar, med meir. Internkontrollforskrifta stiller krav til at verksemdar har rutinar for iverksetjing av tiltak ved farlege forbrukartenester.

### Tiltak ved farlege produkt

Produktkontrolllova stiller krav til at den som produserer, importerer, omset eller på annan måte behandlar produkt (til dømes utleige og utlån) som kan medføre risiko for helseskade, skal setje i verk rimelege/nødvendige tiltak for å redusere risikoen. Dersom verksemdar blir kjende med at produkt dei omset, leiger ut osv. utgjer ein uakseptabel risiko for helseskade, pliktar dei å gjere ei ny vurdering av tryggleiken og setje i verk nødvendige tiltak, i tillegg til melde DSB om hendinga. Nødvendige tiltak kan vere retting av mangel på utstyr, salsstopp, tilbaketrekking frå sal/utleige, tilbakekalling frå forbrukarar, destruksjon av utstyr og informasjon til forbrukarar. Dersom verksemd er importør eller forhandlar av utstyr, er det forventa at ein kontaktar produsent når ein oppdagar tryggingseil ved utstyr. Dette for å sikre at produsenten gjev andre importørar av utstyret informasjon om tryggingsskadar slik at ein kan unngå uhell. Internkontrollforskrifta stiller krav til at verksemdar har rutinar for iverksetjing av tiltak ved farleg produkt. Det er utarbeidd ein rettleiar som hjelpemiddel for bransjen ved iverksetjing av korrigerande tiltak, sjå ”Guidelines for Businesses to manage Product Recalls & Other Corrective Actions” på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

### Farlege produkt og RAPEX

RAPEX er EUs informasjonssystem om farlege forbrukarprodukt, med unntak av mat, farmasøytiske produkt og medisinsk utstyr. DSB er kontaktorgan for RAPEX i Noreg. Føremålet med systemet er å utveksle

informasjon om farlege produkt innanfor EU/EØS-området, slik at tiltak kan setjast i verk av nasjonale styresmakter for å avgrense førekomsten av farlege produkt i marknaden, og dermed førebyggje helseskade. Noreg mottok jamleg meldingar om farlege produkt funne på marknaden i andre land i EU/EØS. Norske styresmakter pliktar å sende meldingar om farlege produkt vi finn på den norske marknaden via RAPEX.

På [www.dsb.no](http://www.dsb.no) finst oversikt over produkt med farlege eigenskapar som er funne på den norske marknaden. Forhandlar, importør eller produsent av produkta i lista har anten fått eit pålegg om tiltak frå DSB eller frivillig sett i verk nødvendige tiltak for å fjerne farlege produkt frå marknaden. Det finst også ei liste over farlege produkt på [www.dsb.no](http://www.dsb.no) som DSB har fått melding om frå andre EU/EØS-land. Produkta i lista kan vere i omsetning i Noreg.

For produsent, importør eller forhandlar av produkt vil det vere nyttig å følgje med på desse listene for å forhindre at ein sjølv omset nokre av desse produkta.

### Tilsyn

DSB skal sjå til at verksemdar som tilbyr båtutleige som ei forbrukarteneste arbeider systematisk for å tilby ei sikker teneste. DSB vil ved tilsyn fokusere på den risikovurderinga eigar av verksemda har gjennomført før han tilbyr forbrukartenesta, attåt dei rutinare og ansvarsforholda som skal liggje føre i internkontrollsystemet ved verksemda.

DSB skal også sjå til at verksemdar som tilbyr produkt, arbeider systematisk med produkttryggleik slik at berre trygge produkt som oppfyller krav i regelverket, blir tilbydde forbrukarane. DSB vil ved tilsyn spesielt fokusere på innkjøpsrutinar, risikovurderingar, opplæring, rutinar for tilbakekalling av farlege produkt med meir. Etter utført tilsyn vil verksemda få ein tilsynsrapport frå DSB der eventuelle avvik og merknader er gjevne, og ein frist for når avvika skal vere retta opp.

Røynsler DSB har frå tidlegare viser at tilsyn som verkemiddel har to hovudfunksjonar. Det eine er kontroll av at regelverk blir følgt og det andre er at gjeven informasjon blir knytt til forståing av regelverk og korleis dette kan utførast i praksis. Sidan DSB opplever at informasjonsbehovet er stort, vart det sett fokus på dette under tilsyna. Tilbydarane mottok derfor informasjonsmateriell og rettleiing frå DSB under tilsynet.

### Reaksjonsmiddel

DSB kan setje i verk tiltak overfor ansvarleg verksemd dersom krava til produkttryggleik eller tryggleik ved



forbrukartenesta ikkje er oppfylte. Tiltaka kan vere å stanse sal av eit produkt, påleggje tilbakekalling av eit produkt frå forbrukar, stanse tilbod om båtutleige og/eller gje tvangsmulkt for å sikre etterleving av dei pliktene som er gjevne i lover, forskrifter og vedtak. Politimelding kan vere aktuelt ved alvorlege forhold.

#### 4.1 FORSKRIFT OM KONTRUKSJON, UTFORMING OG PRODUKSJON AV PERSONLIG VERNEUTSTYR

##### Krav til personleg verneutstyr

Personleg verneutstyr (PVU) er alle innretningar som er laga for at brukaren skal halde eller bere dei, for å verne seg mot ein eller fleire risikoar som kan truge hans/hennar helse og tryggleik. Dette til skilnad frå redningsutstyr og liknande, som er til bruk når risikoen er utløyst og den uynskte hendinga skjer.

PVU skal oppfylle krava i direktiv 89/686/EEC Personal Protective Equipment som er omsett til norsk regelverk i forskrift om konstruksjon, utforming og produksjon av personlig verneutstyr. Alt PVU som blir gjort tilgjengeleg for forbrukar skal vere CE-merkt (sjå info om CE-merking på [www.dsb.no](http://www.dsb.no)) og det skal følgje med ei bruks- og vedlikehaldsrettleiing på norsk. Produsenten eller dennes representant skal utferde ei samsvarserklæring der det blir stadfest at eit marknadsført PVU er i samsvar med denne forskrifta. Erklæringa skal alltid vere tilgjengeleg hjå produsenten eller dennes representant og skal på forlangande leggjast fram for styresmaktene. Enkle typar av PVU (klasse I) skal vurderast av produsenten sjølv (eigenerklæring). Alt anna PVU (klasse II og III) skal vere testa av utpeikte kontrollorgan (notified body) før produsenten eller dennes representant utferdar samsvarserklæring og set på CE-merket. For PVU er det utarbeidd ei rekkje harmoniserte standardar. Desse standardane er utarbeidde for å oppfylle minste tryggingsskrav i regelverket.

EU har laga ein guide for PVU som gjev rettleiing i korleis PVU skal kategoriserast. EU har også laga ei liste over utpeikte kontrollorgan (notified bodies) i Europa. Sjå lenkjer på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

Importørar av PVU til Noreg må vere merksame på at dei etter produktkontrollova har ansvar for og skal ha kunnskap om produkta dei importerer, er sikre. Dette vil seie at importørane må kunne dokumentere at produktet er i samsvar med regelverket, at produktet er testa av eit utpeikt kontrollorgan i EU/EØS, at produktet er CEmerkt og at det ligg føre samsvarserklæringar og aktuell

testdokumentasjon. Importørane pliktar å sjå til at det ligg føre bruks- og vedlikehaldsrettleiing på norsk for importerte produkt. DSB kan forlange dokumentasjon nemnt ovanfor innan rimeleg tid.

Dersom det personlege verneutstyret må tilpassast personleg, eller forbrukar må gjerast spesielt merksam på vedlikehald, må dette gjerast kjent for forbrukar ved innkjøp eller utleige/utlån. Det same gjeld dersom tryggleiken ved eit PVU kan svekkjast dersom det blir utsett for ei ulukke og i så fall ikkje kan brukast meir.

#### 4.2 FORSKRIFT OM SYSTEMATISK HELSE-, MILJØ- OG SIKKERHETSARBEID I VIRKSOMHETER (INTERNKONTROLLFORSKRIFTA)

##### Plikt til internkontroll

Internkontroll er meint som eit verktøy for verksemdene for å sikre at relevante krav i regelverket er oppfylt og at det blir arbeidd systematisk med tryggleik. Den som tilbyr båtutleige som ei forbrukarteneste har ei plikt til å inneha systematisk internkontroll, og skal kartlegge moglege farar. Vidare skal det gjennomførast ei skriftleg risikovurdering av tenesta før ho blir tilbydd til forbrukar, og nødvendige tiltak skal gjerast for å redusere risiko til eit akseptabelt nivå. Internkontrollsystemet skal vere tilpassa aktivitetar, risikoforhold og storleiken på verksemda. Systemet skal praktiserast og oppdaterast ved behov. Den som tilbyr båtutleige som ei forbrukarteneste skal vere kjent med faktorar som påverkar risikoen forbunde med tilbodet sitt. Dette kan omfatte vurdering av kompetanse/føresetnader hjå deltakarane, vêr, vind og tidevassforskjellar, tryggleiken ved produkt som inngår i tenesta, i tillegg til andre forhold som må vurderast heile tida. Det skal utarbeidast ein plan for beredskap i tilfelle uynskte hendingar skjer. Dette kan vere personskader, vêrforhold, eller andre årsaksforhold som kan påverke tryggleiken.

Dersom verksemda tilbyr utstyr for sal, utleige og/eller utlån må det også her arbeidast systematisk for at slikt utstyr er sikkert. Dette inneber blant anna gjennomføring av risikovurdering av produkt før dei blir gjorde tilgjengelege for forbrukar, innarbeiding av tryggingsskrav i innkjøpsrutinar, jamleg oppfølging etter hendingar med meir. Verksemdar må etablere rutinar for handtering av klager og avvik knytte til tryggleik ved produkt og tilbakekalling av farlege produkt. For den som ynskjer meir informasjon, sjå *Veileder i internkontroll for importørar og produsentar av forbrukerprodukter* som er tilgjengeleg på [www.dsb.no](http://www.dsb.no). Systemet for internkontroll må innehalde klåre oppgåver og ansvarsforhold knytte til tryggleik ved produkt

og forbrukartjenester, og skal kunne dokumenterast skriftleg og vere tilgjengeleg ved etterspurnad frå styresmakter. Nærare om krav til innhald i internkontroll er gjeve i forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggingarbeid i verksemdar (internkontrollforskrifta).

DSB har utarbeidd *Temarettleiing i risikoanalyse for risikofylte forbrukertjenester* som hjelp for verksemdar i arbeidet med å vareta ansvaret for sikring av forbrukartjenestene sine og førebyggje helseskadar hjå forbrukarar. Rettleiarar er tilgjengeleg på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

### 4.3 DSB SITT FØREBYGGJANDE ARBEID VED FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE

DSB arbeider med tryggleik knytt til produkt og båtutleige med heimel i lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova). Målsetnaden er å redusere risikoen for alvorlege skadar og dødsfall som følgje av bruk av produkt eller tenesta båtutleige. DSB skal sjå til at dei som omset produkt og/eller tilbyr båtutleige, tek det ansvaret dei har for å vareta tryggleiken til forbrukar. DSB har lagt ut aktuell informasjon om regelverk, rettleiarar, retningslinjer og liknande på heimesida vår [www.dsb.no](http://www.dsb.no). DSB har kontakt med bransjen for informasjonsutveksling om endringar i regelverk med meir. DSB følgjer opp

alvorlege ulukker knytte til båtutleige og hjelper politiet i deira etterforsking av slike ulukker dersom dette blir etterspurt.

DSB har i samarbeid med Sjøfartsdirektoratet, Fiskeridirektoratet, Innovasjon Noreg og NHO Reiseliv utarbeidd brosjyren *Turistinformasjon – om fiske og sikkerhet til sjøs i Norge* som er tilgjengeleg på [www.dsb.no](http://www.dsb.no) Brosjyren er eit av tiltaka gruppa har utarbeidd for å førebyggje alvorlege hendingar og dødsfall. Brosjyren inneheld informasjon til fisketuristar om kva reglar som gjeld for fiske og spesielt tryggleik til sjøs i Noreg. Bruk av fritidsbåt til fiske og friluftsliv i Noreg gjev deg sjansen til å oppleve noko av det vakraste av norsk natur. Det er likevel svært viktig at både tilbydar og mottakar av tenesta set seg godt inn i dei risikofaktorane som er forbundne med bruk av båt i Noreg. Den norske naturen byr tidvis på enorme krefter. DSB tilrår derfor å ha respekt for farane og førebu seg godt før aktiviteten.

Tilbydarar av produkt og/eller forbrukartjenester som utgjer ein uakseptabel risiko for helseskade, har ei plikt til å melde frå til styresmaktene om dette. Det finst meldeskjema på [www.dsb.no](http://www.dsb.no). Det er også elektroniske meldeskjema (bekymringsmelding) for forbrukarar som ynskjer å melde frå til DSB om ei farleg/potensielt farleg forbrukartjeneste eller produkt. Skjemaet finn du på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).



Foto: Colourbox

Oppfølging av slike meldeplikts- og bekymringsmeldingar er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet DSB gjer. DSB vurderer alle innkomne meldingar og set i verk tiltak dersom dette blir vurdert som nødvendig. Meldingar om slike uynskte hendingar og uhell vil inngå som grunnlag for DSB sitt førebyggjande arbeid, som val av tilsynsområde og objekt, informasjonstiltak og regelverksutvikling.

## 5. ULUKESSTATESTIKK


Eit stort tal fisketuristar kjem til Noreg for å fiske kvart år. Fisketurisme og utleige av båt med utstyr er eit område med aukande aktivitet i Noreg. Dette er ein aktivitet det er knytt risiko til og det har dei siste 10 åra omkomne i snitt 33 personar kvart år i fritidsbåtulukker.

Totalt har det vore 282 dødsulukker dei siste 10 åra der til saman 331 personar omkom. Gjennomsnittleg tal omkomne dei siste 10 åra har dermed vore 33. I 2004 omkom heile 51 personar (sjå tabell 1).

Flyteutstyr	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	Totalt
Utan Flyteutstyr	24	21	34	26	24	13	11	10	16	20	199
Med flyteutstyr	3	3	9	4	4	3	8	7	5	8	54
Ukjent	4	5	8	4	6	7	11	14	12	4	75
	<b>31</b>	<b>29</b>	<b>51</b>	<b>34</b>	<b>34</b>	<b>23</b>	<b>30</b>	<b>31</b>	<b>33</b>	<b>32</b>	


Tabell 1. Oversikt over bruk av flyteutstyr i perioden 2002–2011. Kjelde: Sjøfartsdirektoratets ulukkesstatistikk 2002–2011.

FIGUR 1 VISER TALET PÅ DØDSULUKKER I PERIODEN 2002–2011 FORDELT PÅ KVINNER, MENN OG BARN (0–16). HEILE 90 % AV DEI OMKOMNE ER MENN.



Figur 1. Dødsulukker i perioden 2002–2011 fordelt på kjønn. Kjelde: Sjøfartsdirektoratets ulukkesstatistikk 2002–2011.

FIGUR 2 VISER KOR MANGE AV DEI OMKOMNE SOM BRUKTE FLYTEUTSTYR I PERIODEN 2002–2011. HEILE 61 % BRUKTE IKKJE FLYTEUTSTYR.



Figur 2. Oversikt over bruk av flyteutstyr i perioden 2002–2011. Kjelde: Sjøfartsdirektoratets ulukkesstatistikk 2002–2011.

## DEL 3. TILSYNSAKSJON 2011

### 1. VAL AV TILSYNSOBJEKT OG KVA DSB KONTROLLERTE

#### Tilsyn med tilbydarar av forbrukartenesta båtutleige 2011

DSB varsla om lag 200 verksemder om mogleg tilsyn knytt til båtutleige i 2011. DSB gjennomførte tilsyn hjå 9 verksemder som alle vart varsla skriftleg i framkant med informasjon om lovgrunnlag og tema for tilsynet. I tillegg til dette vart det lagt ut ei nyhendemelding om dei varsla tilsyna på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

#### Sentrale faktorar for utveljing av verksemder:

- Risikobasert ut frå tidlegare informasjon til DSB, skadetal/dødsfall, politisaker etc.
- Geografisk spreieing.
- Store og små verksemder.

Utvalde verksemder, sjå vedlegg A.

DSB skal ved bruk av tilsyn som verkemiddel sjå til at aktuelt regelverk blir etterlevd slik at berre sikre forbrukartenester blir tilbydd forbrukarar. Tilsyna med verksemder som tilbyr båtutleige fokuserte spesielt på at krava til systematisk tryggingarbeid (internkontroll) var gjennomført og korleis dette blir gjennomført i praksis for å vareta tryggleiken. I den samanhengen vart desse temaa vurderte som viktige å kontrollere under tilsyna:

#### Tema for tilsyna:

- Risikovurderingar, utstyr i båtane, informasjon til publikum, vurdering av leietakar sin kompetanse
- Instruksjon i bruk av utstyr, inkl. båt, kart, redningsutstyr, flyteplagg, vèrmeldingar.
- Kunnskap om utstyr, relatert til innkjøp, kontroll og vedlikehald av utstyr.
- Avvikshandtering – korleis blir det arbeidd med å avdekkje, rette opp og førebyggje manglar ved utstyr og tenesta.
- Beredskapsrutinar og varslingsprosedyrar.

Tilsyna vart utførte som eindags tilsyn. Det vart gjennomført intervju med dei ansvarlege i verksemda og gjort ein dokumentgjennomgang.

### 2. DSBs FUNN UNDER TILSYNA

Det vart avdekt til saman 23 avvik hjå dei 9 tilbydarane av båtutleige. Dei fleste avvika er knytte til liten eller ingen kjennskap til gjeldande regelverk og til kravet om meldeplikt for farlege produkt og forbrukartenester. Verksemdene kunne ikkje leggje fram skriftlege rutinar og annan dokumentasjon for sentrale punkt i sitt systematiske tryggingarbeid (internkontroll) knytt til tenesta:

- Tilsyna viste at 8 av 9 verksemder ikkje kjende til at tryggleik ved forbrukartenester er regulert gjennom produktkontrolllova, og at denne gjeld for verksemda.
- 3 av 9 verksemder hadde ikkje utført ei skriftlig risikokartlegging av tenesta.
- Tilsyna viste at 3 av 9 ikkje hadde skriftlege rutinar som skildra kven som hadde ansvaret for dei enkelte arbeidsoppgåvene og når dei skulle gjerast. Oppfølging av uhell og nesten-uhell var ikkje dokumentert.
- Ingen av verksemdene hadde kjennskap til meldeplikta og dermed ikkje skriftlege rutinar slik at farlege produkt og alvorlege hendingar eller dødsfall knytte til forbrukartenesta eller produkt vart melde til DSB.

Avvika er nærare omtalte i vedlegg B.

#### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller i samsvar med lov.

**Merknad:** Eit forhold som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å påpeike, men som ikkje er omfatta av definisjonen for **avvik**. At verksemda ikkje etterlever eigne regler som er strengare enn lovkrava, vil frå tilsynsetatane si side ikkje vurderast som eit avvik, men kan omtalast som ein merknad.

DSB har gjennom tilsyna avdekt alvorlege manglar i internkontrollsystemet for den enkelte verksemda. Dette systemet skal vere med på å vareta og betre tryggleiken til dei som leiger ein båt, og dermed førebyggje at alvorlege skadar og uhell skjer.

DSB ser det som bekymringsfullt at 8 av 9 av dei kontrollerte verksemdene ikkje kjende til regelverket som regulerer tenesta. Vidare avdekte tilsyna at verksemdene ikkje kjende til kravet om at alvorlege hendingar eller dødsfall som skriv seg frå ei forbrukarteneste eller eit produkt, skal meldast til DSB.

Tilsyna avdekte at fleire av verksemdene mangla skriftlege rutinar som skildrar ansvars- og oppgåvefordeling. Dette er vesentlege element i eit internkontrollsystem, som skal medverke til å vareta tryggleiken til forbrukartenesta båtutleige. Ei klår ansvars- og oppgåvefordeling i kritiske situasjonar er avgjerande for at skadeomfanget skal kunne reduserast. Fleire av verksemdene kunne ikkje dokumentere korleis dei utførte avvikshandtering, slik som oppfølging av uhell og nestenuhell. Dette er viktig for å kunne forhindre at gjentekne farlege situasjonar oppstår på grunn av same årsak. Etter tilsyna mottok kontrollert verksemd ein rapport med avvik og merknader. Avvik må rettast opp, medan merknader er frivillige å rette opp.



Foto: Colourbox

DSB førehandsvarsla tvangsmulkt dersom avvika ikkje vart retta opp innan ein bestemt frist. Dei fleste verksemdene retta opp avvika innan fristen. DSB følgde opp verksemdene til alle avvika var lukka.

### 3. DSB SINE FORVENTNINGAR TIL BRANSJEN

DSB ynskte at tilsynsaksjonen skulle gje svar på korleis det blir arbeidd med tryggleik ved båtutleige i verksemdene, og om det blir tilbydd ei sikker teneste. DSB har gjennom tilsyna erfart at tryggleiken i varierende grad er vareteken ved dei tilbydde forbrukartenestene. Tilsyna avdekte fleire manglar i forhold til krava i regelverket til skriftleggjing av tryggingarbeidet i verksemdene (ref. internkontrollforskrifta, tabell 2), kjennskap til regelverket og kunnskap om meldeplikt ved alvorlege hendingar og dødsfall. Dette var uventa for DSB, ettersom regelverket har vore gjeldande i lang tid og aktuell informasjon er lett tilgjengeleg på [www.dsb.no](http://www.dsb.no).

Internkontroll inneber at verksemda skal:	Dokumentasjon
1. Syte for at dei lover og forskrifter i helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga som gjeld for verksemda er tilgjengelege, og ha oversikt over dei krava som er særleg viktige for verksemda	-
2. Syte for at arbeidstakarane har tilstrekkeleg kunnskapar og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og tryggingarbeidet, medrekna informasjon om endringar	-
3. Syte for at arbeidstakarane medverkar slik at ein utnyttar samla kunnskap og erfaring	-
4. Fastsetje mål for helse, miljø og tryggleik	må dokumenterast skriftleg
5. Ha oversikt over verksemdas organisasjon, medrekna korleis ansvar, oppgåver og avgjerdsrett for arbeidet med helse, miljø og tryggleik er fordelt	må dokumenterast skriftleg
6. Kartleggje farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko, attåt å utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda	må dokumenterast skriftleg
7. Setje i verk rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på krav fastsette i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiksløvgjevinga	må dokumenterast skriftleg
8. Utføre systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at han fungerer som føreset	må dokumenterast skriftleg

Tabell 2. Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd.

Mangelfulle skriftlege rutinar og mangelfull dokumentasjon kan utgjere eit problem når uynskte situasjonar oppstår, som ulukker, uføresett fråver av medarbeidarar, med meir. I slike situasjonar er det viktig at det ligg føre klåre skriftlege rutinar for kva som skal gjerast av kven og at rutinane er lett tilgjengelege for alle medarbeidarar. Alle i verksemda må vere kjende med korleis det blir arbeidd med å sikre tilbod om trygge forbrukartenester og produkt som oppfyller tryggingsskrav, for å førebyggje risiko for helseskadar. Gjennom skriftleggjing av arbeidet sitt vil alle medarbeidarar vere kjende med og førebudde på kva som skal gjerast av kven ved uynskte hendingar, også dersom det er fråver av enkelte medarbeidarar. Verksemdene skal kartleggje farar og problem og på denne bakgrunnen vurdere risiko, og utarbeide tiltak for å redusere risikoforholda. Det er viktig at verksemda før aktivitetane blir sette i gang, går gjennom kva som kan oppstå av farlege situasjonar og korleis desse skal løysast. Tiltak kan setjast i verk på førehand, men nokre risikofaktorar kan det vere vanskeleg å eliminere heilt og ein må derfor ha ein plan for å løyse desse dersom dei oppstår, til dømes kva om:

- Fleire utleigebåtar får problem samstundes?
- Ei uynskt hending oppstår med utleigebåt eller personar ombord?
- Leigetakar kjem ikkje tilbake til avtalt tid?
- Leigetakar får problem med motor eller anna utstyr?
- Uventa uvêr/tåke - varslingsrutinar
- Tom for drivstoff

DSB forventar at verksemdar som tilbyr båtutleige gjer seg godt kjende med regelverket som gjeld for verksemda. Det er også forventa at dokumentasjonskrav som er gjevne i internkontrollforskrifta blir følgde.

DSB forventar å få melding om alvorlege ulukker knytte til tenesta og i tillegg kva vurderingar verksemda gjer for å unngå at det skjer igjen. Det er den enkelte verksemda som sjølv må syte for at det til kvar tid ligg føre eit system som varetek tryggleiken i samband med tenesta båtutleige. Den enkelte medarbeidaren sin kompetanse og kunnskap om internkontrollsystemet i verksemda er ein føresetnad for å vurdere om rutinane fungerer som føresett, og om det er nødvendig med endringar.

### 3.1 TILBAKEMELDING FRÅ TILBYDERANE AV FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE

Under tilsyna var DSB også interessert i tilbakemelding frå tilbydarane om utfordringar knytte til tenesta, om dagens regelverk er dekkjande, behov for forenkling mm. Tilbydarane hadde ikkje noka klår formeining om kor vidt gjeldande regelverk som stiller krav til dei som tilbydarar, er godt nok eller om det kunne bli betre/enklare. Det kom fram under tilsyna at fleire av verksemdene ikkje kjende til regelverket.

#### Nokre av tilbakemeldingane frå tilbydarane::

- Ynske om meir informasjon og rettleiing om regelverk
- Positivt med tilsyn frå DSB fordi dei då fekk mye «gratis» informasjon og rettleiing
- DSB vart informert om at det finst fleire mindre tilbydarar som ikkje varetek tryggleiken på ein seriøs måte. DSB vart rådd til å føre tilsyn med desse også
- DSB si rolle som fag- og tilsynsorgan var lite kjend


## 4. ER DET TRYGGARE Å LEIGE BÅT SOM FØLGJE AV TILSYNET DSB GJER?

Er forbrukartenesta båtutleige tryggare som følgje av tilsyn? Ja, DSB har ei klår oppfatning av at tilsyn medverkar til at det blir tryggare. DSB gjev under tilsyna mykje informasjon om gjeldande regelverk og våre forventningar til kva verksemdene skal ha gjort av risikovurderingar og om dokumentasjonskrav. Informasjon gjev den enkelte verksemda eit godt grunnlag for å opparbeide kunnskap om eiga verksemd og dei tiltaka som er nødvendige for å kunne vareta tryggleiken til brukarane. Den generelle røynsla DSB har etter tilsyn med tilbydarar av forbrukartenester er at medvitet knytt til tryggingsskravet i verksemda har auka. Dette gjeld både tenesta og produkta som inngår i tenesta. Dette medfører større fokus på innkjøpsrutinar og risikovurderingar av produkt og forbrukartenesta før dei blir tilbydd forbrukarar, og dermed vil det vere tryggare produkt og forbrukartenester på marknaden.


## 5. OPPSUMMERING OG TILTAK

DSB sine forventningar var i liten grad i samsvar med funna og røynslene etter tilsyna, blant anna viser resultatata:

**FIGUR 3 VISER AT HEILE 89 % IKKJE KJENNER TIL AT BÅTUTLEIGE ER REGULERT GJENNOM PRODUKTKONTROLLOVA OG INTERNKONTROLLFORSKRIFTA.**




**FIGUR 5 VISER AT HEILE 67 % IKKJE HAR SKRIFTLIGE RUTINAR SOM SKILDRAR OPPGÅVER OG ANSVARSFORDELING, OG OPPFØLGING AV UHELL.**



Figur 3. Talet på verksemder som kjenner til at båtutleige er regulert gjennom produktkontrolllova og internkontrollforskrifta.

Figur 5. Talet på verksemder som har skriftlege rutinar som skildrar oppgåver og ansvarsfordeling, og oppfølging av uhell.

**FIGUR 4 VISER AT HEILE 67 % IKKJE HAR UTFØRT EI SKRIFTLIG RISIKOKARTLEGGING AV TENESTA BÅTUTLEIGE.**



**FIGUR 6 VISER TALET PÅ VERKSEMDER SOM KJENNER TIL KRAVET OM MELDEPLIKT FOR ALVORLEGE HENDINGAR OG DØDSFALL.**



Figur 4. Talet på verksemder som har utført ei skriftleg risikokartlegging av tenesta båtutleige.

Figur 6. Talet på verksemder som kjenner til kravet om meldeplikt for alvorlige hendingar og dødsfall.

På bakgrunn av disse resultatene ser DSB derfor at tilsyn og informasjonsarbeid vil være nødvendige tiltak overfor aktører i bransjen også i åra framover. Samstundes er det viktig å oppretthalde den alt eksisterande kontakten DSB har med ulike aktører.

DSB ser også behov for å vidareutvikle samarbeidet med Politiet, Sjøfartsdirektoratet og bransje, særleg når det gjeld oppfølging av alvorlege ulukker og dødsfall. Dette for i endå større grad å få klarlagt årsakene til ulukkene slik at kunnskapen blir teken med i det førebyggjande arbeidet til DSB, gjennom informasjons- og regelverksarbeid.

Funn og røynsler frå tilsyna vil vere eit sentralt grunnlag i dei vurderingane DSB gjer i samband med utarbeiding av ny forskrift om tryggleik ved forbrukartenester.

Oppsummert føreslår DSB desse tiltaka:

- Meir informasjon til tilbydarar av forbrukartenesta båtutleige, spesielt informasjon om gjeldande regelverk, plikt til internkontroll og kravet om skriftleggjering av tryggingsarbeid.
- Informasjon til importørar av flyteutstyr og krava som gjeld for PVU.
- Oppretthalde og vidareutvikle styresmakt- og bransjekontakt, til dømes ved faste kontaktmøte.
- Tettare kontakt med Sjøfartsdirektoratet, politi og redningstenesta i oppfølging av ulukker for å få meir kunnskap om årsakene til alvorlege ulukker og dødsfall.
- Fleire informasjonstiltak som brosjyre (sjå vedlagde lenkje) utarbeidd i samarbeid med Sjøfartsdirektoratet med fleire.



Foto: Colourbox



## DEL 4. VEDLEGG

### VEDLEGG A: UTVALDE VERKSEMDER FOR TILSYN MEDFORBRUKARTENESTABÅTUTLEIGE

- Dolmøy Gjestebrygge AS
- Angelamfi Hitra AS
- Frøya Havfiskecamp
- Gurvikdal Havfiskesenter
- Hitra Turistservice AS
- Tuvsjyen AS
- Nord–Norsk Sjøsportsenter
- Fjordcamp AS
- Ringstad Sjøhus

## VEDLEGG B: SAMLERAPPORT AVVIK OG MERKNADER AVDEKTE HJÅ VERKSEMDER SOM TILYR FORBRUKARTENESTA BÅTUTLEIGE 2011 (MED KOMMENTARAR)

Har verksemda oversikt over lover, forskrifter og standardar (Internkontrollforskrifta § 5, pkt. 1 og produktkontrollova § 3)	Avvik
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11. juni 1976 nr. 79</li> <li>• Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)</li> </ul>	<p>Tilsyna viste at 8 av 9 verksemder ikkje kjenner til at tryggleik ved forbrukartjenester er regulert gjennom produktkontrollova og internkontrollforskrifta og at desse gjeld for verksemda. Det kjem heller ikkje fram at verksemda veit kvar regelverket er tilgjengeleg.</p>
Risikokartlegging (Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt. 6 og produktkontrollova § 3)	Avvik
<p>Med risikokartlegging meiner ein</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ansvar for sikker tilrettelegging – kartleggje risiko, sikre produkt, inkludert vedlikehalds- og beredskapsplan.</li> <li>• Ansvar for sikker gjennomføring – informere om risikofaktorar, vurdere føresetnader, gje instruksar/påbod og info om brukar sitt ansvar.</li> <li>• Ansvar for sikker beredskap – Informasjon, avklaring, øving, rutinar overfor kunden, mv. dersom ulukka likevel skjer (fyrstehjelp, kommunikasjon, varsling mv.).</li> <li>• Er det etablert rutinar for å sjå kva som kan gå gale, kva blir gjort for å forhindre at det kan gå gale?</li> <li>• Er det spesielle tiltak som må setjast i verk ved spesielle forhold eller i spesielle område?</li> <li>• Er det område der båt/kano/kajakk ikkje skal brukast grunna vêr, vind eller straumforhold?</li> <li>• Blir det gjort ei vurdering av kompetansen / kor skikka leigetakar er?</li> <li>• Gjev ein informasjon og opplæring i sikker handtering av båt?</li> <li>• Gjev ein opplæring/instruksjon i bruk av utstyr?</li> <li>• Er det skildra kva slags utstyr som skal vere i båtane?</li> <li>• Gjev ein informasjon og opplæring i varslingsprosedyre?</li> <li>• Er det teke omsyn til risikoen i tenesta når beredskapsrutinane er etablerte?</li> <li>• Blir det utført jamleg kontroll og vedlikehald av utstyr?</li> <li>• Kan ein dokumentere punkta over? Finst til dømes sjekkliste som ein bruker overfor kunde?</li> </ul>	<p>Tilsyna viste at 3 av 9 verksemder ikkje hadde utført ei skriftleg risikokartlegging av tenesta.</p>
Avviksbehandlingssystem (Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd pkt 7. og produktkontrollova § 3)	Avvik
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Har de hatt uhell/ulukker med utleige av båt/kano/kajakk? Er det etablert rutinar/sjekklistar for kva som skal følgjast opp ved uhell/ulukker?</li> <li>• Følgjer ein uhell og nesten-uhell opp med tiltak? Har tidlegare hendingar ført til endringar i tenesta, eventuelt tiltak?</li> <li>• Kven har ansvar for at oppfølging skjer?</li> </ul>	<p>Tilsyna viste at 3 av 9 verksemder ikkje hadde skriftlege rutinar som skildrar kven som har ansvaret for dei enkelte arbeidsoppgåvene og når dei skal utførast. Oppfølging av uhell og nesten-uhell var ikkje dokumentert.</p>

<b>Flyteutstyr (Forskrift om konstruksjon, utforming og produksjon av personleg verneutstyr (PVU), CE-merking § 15)</b>	<b>Avvik</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>Er flyteutstyr CE-merkt?</li> </ul>	Ingen
<b>Meldeplikt (Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven))</b>	<b>Avvik</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>Meldeplikt om farlege forbrukartenester</li> </ul> <p>Produktkontrolllova § 6b stiller krav om at styresmaktene skal informerast om farlege forbrukartenester og produkt. Har de rutinar for å sikre at meldeplikta blir halden?</p>	<p>Tilsyna viste at ingen av verksemdene kjenner til kravet om meldeplikt. Den som eig eller leier verksemd som tilbyr forbrukartenester og som veit eller burde vite at denne utgjør ein uakseptabel risiko for helseskade, skal straks informere tilsynsorgana om dette. Meldinga skal også innehalde opplysningar om dei tiltaka som er sette i verk for å forhindre at forbrukartenesta medfører ein uakseptabel risiko for helseskade.</p>
<b>Merknader:</b>	
Ingen	
<b>Mellombels forbod, jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) § 6.</b>	
Det vart ikkje lagt ned noko mellombels forbod mot å tilby båtutleige som forbrukarteneste.	
<b>Oppfølging:</b>	
DSB har følgd opp verksemdene med tiltak og alle avvik er lukka.	

## VEDLEGG C: FORKORTNINGAR

DSB – Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

PVU – Personleg verneutstyr

CEN – Den europeiske standardiseringsorganisasjonen

RAPEX – Rapid Alert System for non-food Products

ISO – International Organization for Standardization

## VEDLEGG D: KJELDER

Sjøfartsdirektoratet: Petter Andre Søreng, e-post av 2012-05-25.

Fiskeridepartementet: Grete Heegaard, e-post av 2012-05-25.

## VEDLEGG E: RETTLEIINGAR, INFORMASJONSMATERIELL OG AKTUELLE NETTSIDER

[www.dsb.no](http://www.dsb.no)

- **Rettleiar i internkontroll for importørar og produsentar av forbrukartjenester**
- **Temarettleiing i risikoanalyse**
- **Turistinformasjon – Om fiske og sikkerhet til sjøs i Norge**

[www.lovdata.no](http://www.lovdata.no)

[www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no)

[www.sjofarsdirektoratet.no](http://www.sjofarsdirektoratet.no)

[www.fiskeridirektoratet.no](http://www.fiskeridirektoratet.no)

[www.standard.no](http://www.standard.no)

## **VEDLEGG E: LISTE OVER STANDARDER (IKKJE UTTØMMANDE)**

Standardane kan kjøpast hjå Standard Norge, sjå [www.standard.no](http://www.standard.no) for meir info.

### **NS-EN ISO 12402-1:2005**

Personlig flyteutstyr – Del 1: Redningsvester for havgående skip – Sikkerhetskrav (ISO 12402-1:2005).

### **NS-EN ISO 12402-2:2006**

Personlig flyteutstyr – Del 2: Redningsvester for ekstreme offshore-forhold (nivå 275) – Sikkerhetskrav (ISO 12402-2:2006).

### **NS-EN ISO 12402-3:2006**

Personlig flyteutstyr – Del 3: Redningsvester for offshore-forhold (nivå 150) – Sikkerhetskrav (ISO 12402-3:2006).

### **NS-EN ISO 12402-4:2006**

Personlig flyteutstyr – Del 4: Redningsvester for innland/nær kysten (nivå 100) – Sikkerhetskrav (ISO 12402-4:2006).

### **NS-EN ISO 12402-5:2006**

Personlig flyteutstyr – Del 5: Flytehjelpemidler (nivå 50) – Sikkerhetskrav (ISO 12402-5:2006).



Direktoratet for  
samfunnstryggleik  
og beredskap

Rambergveien 9  
3115 Tønsberg

Tlf: 33 41 25 00  
Faks: 33 31 06 60

postmottak@dsb.no  
www.dsb.no